

## Innhald

|                                                  |   |
|--------------------------------------------------|---|
| 1. Oppnemning, samansetting og funksjonstid..... | 2 |
| 2. Verkeområde og oppgåver.....                  | 2 |
| 3. Vedtaksmynde - møteavvikling.....             | 3 |
| 4. Andre sentrale bestemmelsar.....              | 3 |

## 1. Oppnemning, samansetting og funksjonstid

- a. Ungdomsrådet er samansett av 5 (6 med lærlingrepresentant) representantar i alderen 14-20 år og to (tre) mentorar / politikarar, med mest mogleg lik representasjon av begge kjønn.
- b. Sykkylven ungdomsskule og Sykkylven vidaregåande skule organiserer sjølv val av representantar og vararepresentantar. Lærlingrepresentant vert vald i eige fora når aktuelt. Det skal vere ope for alle å stille til val.
- c. Rådet blir sett saman slik:
  - a. 2 representantar frå ungdomsskule (frå 9. og 10. trinn) + personleg vara.
  - b. 3 representantar frå vidaregåande skule (frå 1., 2. og 3. trinn) med mest mogleg lik representasjon frå praktiske, estetiske og teoretiske studieretningar + personleg vara
  - c. 1 representant i lærlingutdanning + personleg vara
  - d. 2 politikarar som mentorar
- d. Mentorar (politikar-representantane) blir nemnt opp av kommunestyret for heile kommunestyreperioden.
- e. Funksjonstida for medlemene er ordinært 2 år og funksjonstida følgjer skuleåret, med skifte 15. august. Eitt år er aktuelt om nokon kjem inn som nytt medlem tredje året på vidaregåande.
- f. Ungdomsrådet konstituerer seg så snart som mogleg etter skulestart. Det skal veljast ein leiar og ein nestleiar. Desse vert valde for eitt år.
- g. Ein bør sørge for at det blir gradvis utskifting av medlemene i rådet. Suppleringsval i løpet av vårsemesteret kvart år.

## 2. Verkeområde og oppgåver

- a. Ungdomsrådet er partipolitisk uavhengig og skal gje politikarane i kommunen råd om handsaming av saker som vedkjem ungdom.
- b. Ungdomsrådet kan ta opp saker som rådet meiner er viktige for ungdom i Sykkylven.
- c. Ungdomsrådet skal fremje ungdomen sine interesser, vere eit talerøyr for ungdomen og vere ein høyringsinstans i saker som vedkjem ungdom i Sykkylven kommune.
- d. Ungdomsrådet er eit rådgjevande organ for kommunen som skal bidra til å ivareta interessene til ungdom i kommunen, og bidra til at ungdom sine syn og meiningar kjem fram.
- e. Ungdomsrådet sine medlemar skal representere og ivareta behova til alle ungdomane i kommunen.
- f. Ungdomsrådet skal ha framlagt alle overordna saker som har vesentleg betydning for levekåra til ungdom, inkludert m.a. årsbudsjett og økonomiplan, og plansaker.
- g. Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld avgjerder overfor enkeltpersonar.
- h. Rådet skal uttale seg før sakene vert behandla i hovudutval/formannskap og kommunestyret slik at uttalene frå rådet har moglegheit til å påverke utfallet av saka.
- i. Ungdomsrådet kan sjølv ta opp saker som gjeld ungdom sin situasjon og kan ta initiativ til tiltak som kan betre denne.
- j. Kommunestyret løyver nødvendige midlar til drift av rådet. Kommunestyret avgjer også om det skal vedtakast eige budsjett.

## 3. Vedtaksmynde - møteavvikling

- a. Rådet gjer sine vedtak i møte.
- b. Rådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades under drøftingane og avgir stemme. Vedtak blir gjort med alminneleg flertall. Ved eventuell stemmelikheit, er leiaren si stemme avgjerande.
- c. Kvar medlem kan stille spørsmål til møteleiar i starten av møtet, også om saker som ikkje står på saklista. Møteleiar eller ein annan etter samråd med møteleiar, kan svare på spørsmålet. Møteleiar kan også avgjere at svar på spørsmålet kan bli gitt på neste møte. Det er ikkje høve til debatt eller kome med forslag til vedtak i samband med slike spørsmål.
- d. Det skal førast møtebok frå møta. Møteboka skal gjerast tilgjengeleg for medlemmene og andre med møterett. Eventuelt også for andre instansar til orientering.

## 4. Andre sentrale bestemmelsar

- a. Ungdomsrådet skal ha minst 4 møte i året. Rådet held vanlegvis møta sine etter fastsett møteplan, når leiar i rådet finn det påkrevd eller når minst 1/3 av medlemmane krev det.
- b. Leiar i rådet har ansvar for at det vert sett opp saksliste til kvart møte. Dette vert gjort i samarbeid med møtesekretæren. Sekretæren har ansvar for at møteinnkallinga vert gjort tilgjengeleg for medlemmene, varamedlemmene og andre med møterett i god tid før møtet/seinast 7 dagar før møtet.
- c. Ordfører, kommunedirektør, leiar i hovudutval og kommunalsjefar har møte- og talerett.
- d. Leiarar i hovudutvala kan møte når rådet spør om det.
- e. Møta skal gjennomførast i samsvar med kommunelova sitt kapittel 11. Møta skal som hovudregel gjennomførast for opne dører og kunngjerast på tilstrekkeleg måte.
- f. Møteboka/protokollane skal etter kvart møte leggjast fram som referatsak for Levekårsutvalet.
- g. Ungdomsrådet skal kvart år utarbeide årsmelding som vert lagt fram for kommunestyret.
- h. Ungdomsrådet sine medlemmer er å rekne som folkevalde og har dei same rettar og plikter som andre folkevalde etter kommunelova, inkludert rett til møtegodtgjersle.
- i. Kommunedirektøren sørger for sekretærhjelp for rådet.
- j. Ungdomsrådet skal inviterast til å delta i den ordinære politkaropplæringa som vert arrangert ved starten av ny valperiode.